



Utval: Formannskap
Møtestad: Hamaren, Fyresdal Næringshage
Dato: 05.02.2019
Tid: 09:00 – 10:15

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Une Marit Aarbakk Tangen	Ass. rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
6/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 6/19	Referatsaker	

Fyresdal 5. februar 2019

Erik Skjervagen
ordfører

utvalssekretær

PS 6/19 Referatsaker

I møtet:

Etter at rådmannen i førre veke sa opp si stilling må ein starte prosessen med å finne hans etterfylgjar og eit samrøystes formannskap vart samde om fylgjande:

CR group v/Øystein Aarrestad vert engasjert til å finne ny rådmann.

Arbeidsgruppe for tilsetting: formannskapet, ass. Rådmann, plan- og økonomisjef samt to tillitsvalte. Desse kjem med innstilling til tilsettingsutvalet.

Tilsettingsutval: i tråd med politisk delegeringsreglement.

Forslag til kva som bør vere med i utlysningsteksten:

Ingress med logo i starten som tidlegare.

Vi søker en framtidretta og engasjert samfunnsbyggjar, som gjennom aktivt leiarskap motiverer og skaper engasjement hos medarbeidarar, folkevalte, innbyggjarar og næringsliv til fortsatt vekst og positiv utvikling i kommunen.

Vidareutvikle og tilpasse kommunen sine gode tenester i dialog med de folkevalte, innbyggjarane, næringslivet, medarbeidarane og deira organisasjonar.

Skape motivasjon og arbeidslyst hos medarbeidarane gjennom ein framtidretta arbeidsgjevarepolitikk.

Kvalifikasjonar:

- Høgare utdanning
- Gode leiaregenskaper og relevant leiarerfaring frå offentlig og/eller privat verksend med gode dokumentera resultat
- God økonomiforståelse
- Gode kommunikasjonsevner – både skriftleg og muntleg

Personlige eigenskapar:

- Du er tydelig, handlekraftig og løysningsorientera
- Du arbeider målretta, delegerer, gjev ansvar og har gjennomføringskraft
- Du er omgjengeleg og uformell
- Du er lyttande, motiverande og tillitsskapande - og med evne til lagarbeid
- Du er innovativ og likar utfordringar

Andre ting som bør vurderast i samband med tilsetjing:

- Fråskriving av stillingsvern mot eit års etterlønn eller åremålstilling

Ordførar, ass.rådmann, plan- og økonomisjef og to tillitsvalde godkjenner endeleg utlysningstekst før utlysning.